

Årsmelding 2022 Stedje sokneråd

Innhald:

- Medlemmar
- Tal møte og saker
- Andre verv
- Tilsette
- Gudstenester
- Kyrkjelege handlingar
- Offer og innsamlingar
- Arrangement gjennom året
- Trusopplæringa
- Konfirmantarbeidet
- Ungdomsarbeid
- Diakonitenesta
- Frivillige – frivilligarbeid
- Økonomi
- Kyrkjelydshytta
- Stedjetunet



Medlemmar i Stedje sokneråd 2022

Hans Magne Kvåle	Leiar, medlem av arbeidsutval for soknerådet Leiar i trusopplæringsutvalet
Kari Torhild Kvåle	Nestleiar, medlem arbeidsutvalet og repr. i ungdomsarbeidsutvalet
Bente Karin Vatlestad	Nestleiar i diakoniutvalet
Berit Amundsen	Skrivar og medlem arbeidsutvalet, vara redaksjonsutv. kyrkjelydsbladet
Per Hilleren	Leiar i Fellesrådet
Helge Torstad	Medlem
Bjørn Skjeldestad	Representant i styret for kyrkjelydshytta, vara til fellesrådet
Eldbjørg Reppen Ølnes	Vara til diakoniutvalet
Vegard Bondevik Lie	Koordinerande sokneprest
Sigfred Stenehjøm	1. vara

Lars Helge Flugheim	2. vara, vara til styret for kyrkjelydshytta
Aashild Vikdal	3. vara, vara til trusopplæringsutvalet
Oddbjørg B Uglum	4. Vara og vara til ungdomsarbeidsutvalet
Ingunn Karin Torstad Løvik	5. Vara og representant i redaksjonsnemnda for kyrkjelydsbladet
Leif Arne Nordheim	Kasserar
Arne Flatland	Revisor

Tal møte og saker

I 2022 hadde soknerådet åtte møte og handsama 27 vedtakssaker. Soknerådet har sine møte på Stedjetunet, men i juni blei møtet lagt til Kyrkjelydshytta, der vi hadde rømmegraut og spekemat, kaffi og kaker.

Årsmøtet fann stad 27. april på Stedjetunet i forkant av soknerådsmøtet.

Den 17. november vart det halde eit felles møte for fellesråd og sokneråd på Leikanger. Frå Stedje sokneråd deltok: Kari Torhild Kvåle, Bente Karin Vatlestad, Eldbjørg Reppen Ølnes, Helge Torstad og Hans Magne Kvåle.

Andre verv

Styret for Kyrkjelydshytta	Bjørn Skjeldestad, Randi Kollsete, Karstein Bergheim, Ove Bukholm, Lars Atle Fretland, Gitte Torstad
Ansvarleg for medliturgane	Soknerådet v/kyrkjekontoret.
Ansvarleg for kyrkjevertane	Soknerådet v/kyrkjekontoret.
Ansvarleg for kyrkjekaffilistene	Soknerådet v/kyrkjekontoret.
Felles diakoniutval Medlemar frå alle fem sokneråda i Fellesråds-området. Ressurs- og drøftingsgruppe, som saman med diakonen koordinerer tiltak, drøftar aktuelle prosjekt og tenester.	Dei valde for perioden 2020-2024 er : Stedje: Bente Karin Vatlestad, nestl., vara Eldbjørg Ølnes Norum: Gunnhild Øvretun, vara Heidi Fondenenes Fjærland: Siv Jane Rauboti , vara Kari B Skeide Kaupanger: Margunn Lomheim, leiar, vara Anny Hofvik. Leikanger: Eli Marita Vik Næss, vara Tove Stensås
Felles trusopplæringsutval	Grete Mundal (Fjærland), Anita Instefjord (Leikanger), Marie Bukholm (Kaupanger), Sigrid Mari-Ann Hovden Brusegard

	(Ølmheim), Hans Magne Kvåle, leiar (Stedje). Birte Husum, trusopplæringsleiar.
Forstanderskapet Stedjetunet (frå Stedje sokn)	Marit Ellingsen, Are Kvistad, Gøril Vikøren, Arne Flatland, Sigmar Åberge, Jarle Aarvoll (vara).
Styret for stiftingi Stedjetunet	Aud Marie Stundal, Helge Torstad, Ove Bukholm, Gudrun Skjerdal, Åse Storegjerde.

Tilsette

Leiande kyrkjetenar	Bente Leirdal Sleen
Kantor	Arild Slinde og Hallgeir Øgaard Westli
Soknediakon	Gitte Therkelsen Torstad
Kyrkjevevje	Jorunn Merete Haukås-Eide
Assisterande kyrkjevevje	Magny Ugulsvik Bukholm
Sekretær	Torunn E. Skjelbred, gjekk av med pensjon 1. september Anita Instefjord 60% stilling frå 1. september
Trusopplæringsleiar	Birte Husum
Sokneprest	Prestevikar Helge Torstad, 50% stilling første halvår, 100% stilling andre halvår
Ungdoms- og studentprest	Andreas Eikevik Danbolt
Koordinerande sokneprest	Vegard Bondevik Lie
Prost	Geir Paulsen

Helge Torstad tok til som prestevikar i 50% stilling frå januar, noko som vart ei god løysing då det ikkje meldte seg kvalifiserte søkjarar til stillinga som sokneprest då denne vart lyst ut i 2021. Frå 1. juli blei Torstad tilsett i 100% stilling.

At biskopen gjekk for ei løysing der Torstad fekk 100% stilling, gjorde at soknet fekk kontinuitet i prestefunksjonen.

Gudstenester

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Tal gudstenester, totalt	58	53	52	57	61	57	63	58
Samla tal deltakarar	5733	4428	2744	6367	6408	6440	7257	6866
Gjennomsnitt deltakartal	99	83	53	111	105	113	115	118
Søndagsgudstenester Totalt deltakartal	44 3869	39 2888	44 2396	44 4833	48 5004	41 4892	48 5320	50 6088
Gudstenester utanom søn/helg Toltalt deltakartal	14 1864	14 1540	8 348	15 1534	13 1404	16 1548	15 1937	8 778
Familiegudstenester Totalt deltakartal	7 840	5 426		3 430	5 880	8 1333	8 1245	7 1194
Gudstenester med nattverd	20	10	14	32	33	31	35	34
Deltakartal skule- gudstenester	690 (2)	102 (3)	198	382	609	645	608	576
Deltakartal barnehage- gudstenester	185 (1)	324 (3)	187	246	270	-	180	-
Deltakartal Julafte- gudstenester	512 (3)	124 (2)	75	748	909	821	878	766
Gudstenester med andre sokn	10							



Gudsteneste på Fimreite

Kyrkjelege handlingar

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Gudstenester med dåp	19	23	17	18	22	18	21	21
Totalt tal deltakarar	1464	1359	1139	2041	2342	2287	2567	2263
Tal døypte	36	36	33	42	35	37	43	37
Konfirmerte	51	48	58	49	54	52	62	54
Vigsler	4	6	3	5	6	5	4	5
Gravferder	42	38	32	42	40	28	50	34

Offer og innsamlingar

I alt vart det gitt kr 139.743 i offer under gudstenestene i 2022 (kr 60.000 i 2021, kr 70.000 i 2020, kr 163.000 i 2019).

Etter pandemien har tal gudstenester auka og dermed også ofringane. Bruken av Vipps til ofring er etablert som ei ordinær ordning.

At det ikkje kom inn så mykje pengar under pandemien, er naturleg. Men sjølv om vi no har fått ein pen auke i 2022, er vi ikkje heilt tilbake til nivået i 2019.

Offer til kyrkjelydsarbeidet og diakoniarbeidet utgjorde kr 62.551 i 2022

I 2021 var denne summen 23.795 Vi har altså ein klar auke i høve til under pandemien. Vi er likevel ikkje tilbake til nivået før pandemien. Tilsvarende offer i 2019 var på 86.369.

Andre innsamlingar / gåver

Kr 107.835 blei samla inn av kyrkjelyden ved andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande. Av denne summen gjekk kr 55.995 til kyrkjelyden si verksemd.

Kr 59.000 er motteke til nytt piano/flygel.

Fasteaksjonen – kr 55.000

I 2022 vart fasteaksjonen gjennomført som bøsseaksjon den 5. april. Då gjekk konfirmantane ein ordinær dør-til-døraksjon. Soknerådet og andre frivillige hjalp til med gjennomføringa. I tillegg til det som kom inn i bøssene (kr 44 238), ga folk direkte til Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen digitalt eller via Vipps (kr. 11 602). Til saman vart innsamla 55 000.

Arrangement gjennom året

Dette året kunne vi seie farvel til pandemiestriksjonane, men like før årsskiftet var det ein del oppblomstring av Covid, noko som påverka aktiviteten i starten på året.

Juletefest i kyrkja og fakkeltog vart ikke arrangert. Det same galt leir for konfirmantane. Den fekk eit litt endra opplegg i mars.

Resten av året vart meir og meir normalisert, og aktiviteten har vore stor. Vi nemner:

- Dugnad inne i kyrkja og ute på kyrkjegarden både vår og haust
- Open kyrkje og bøn for Ukraina søndag 27. februar
- Klokkeringing for Ukraina søndag 13. mars
- Orgelkonsert ved Arild Slinde 31. mars og ved Hallgeir Øgaar Westli 28. april med kollekt til innkjøp av nytt piano eller flygel.
- Songseminar for frivillige 23. april
- Friluftsgudsteneste med kyrjekaffi på Sogn Folkemuseum 19. juni
- Friluftsgudsteneste på Kyrkjelydshytta 21. august
- Kyrkjelydstur til Askvoll 18. august
- Middag på Stedjetunet i samband med TV-aksjonen til Leger uten grenser 20. oktober
- Torsdagklubben, song- og musikkksamling for personar med psykisk utviklingshemming
- Kåseri om Hans Nielsen Hauge ved Frode Skag Storheim. 33 til stades.
- Sorggruppe v/diakon Gitte T. Torstad
- Bønegruppe på Stedjetunet v/Astrid og Stein Bondevik
- Medarbeidarfest i kyrkja for dei frivillige 28. september. 84 deltakarar.
- Basar på Stedjetunet for kyrkjelydshytta 14. september.
- «Stille kveld med tidebøn» onsdagar v/ Astrid og Stein Bondevik
- 5. oktober: prostivisitas og avskjedsgudsteneste med biskop Halvor Nordhaug
- Gospelgudsteneste
- Diakonien dag 20. november
- Karimesse fredag 25. november i kyrkjeavdelinga på Sogn folkemuseum: Livet og kyrkja på 1200-talet ved sokneprest Kathrine Valle
- «Vi syng jula inn» 15. desember
- Open kyrkje i alt 11 gongar.
- I alt 9 konsertar eller musikkandakter (6 i regi av kyrkjelyden, 3 av andre) I alt 962 til stades
- I alt 63 andaktar, i hovudsak på Sogndal helse- og omsorgssenter





Det var stor stas at Trudvang skule fylte Stedje kyrkje då dei gjennomførte julekonsert med 4. og 5. skuletrinn både føremiddag og ettermiddag ein dag i desember.

Dette var første konserten deira etter pandemien.

Kyrkjelydsturen i august gjekk dette året til Askvoll der Kjell Olav Nordheim var sokneprest.

Det var ein sær sars vellukka tur på alle måtar, og alle tykte det var triveleg å få møte «gamlepresten».



Medvirkande:

Ungdomskoret
Dalklang
Gospelkoret Glimt
Dalatrioen
Sangane i år
Kaupanger bygdekor
Saman syng vi kjende og kjere
julesongar i lag.
Andreas Danbolt og
Astrid Bondevik
vil formidle nokre
forpustankar.
Gratis inngang.

Kyrkja var på det næraste fullsett då vi kunne synge jula inn i kyrkja i staden for å stå ute, slik det var nødvendig året før med pandemirestriksjonar.

Julafta på Stedjetunet gjorde det mogleg å få feire jul i lag med andre, om ein ikkje hadde familie sjølv å feire med.





12 juni var det samling for konfirmantane frå 1950, -51 og -52.

På grunn av pandemien var tre årskull samla denne gongen.

Trusopplæringa - TOL

Stedje sokn jobbar etter ein trusopplæringsplan - TOL (revidert i 2018) som gjer greie for gjennomføring av ulike alderstilpassa tiltak og konkrete læringsmål med tema: «Kyrkja si tru og tradisjon», «Livstolking og livsmeistring» og «Kristen tru i praksis».

Det er mange frivillige som deltek.

Trusopplæringsutvalet har hatt 4 møte.

Det er éin aktiv søndagsskule i soknet (Notsete), og dei har hatt 5 samlingar med 11 einskilte barn, 6 deltakarar i snitt.



Sprell-levande-gudsteneste

Birte Husum har gitt denne oversikten over trusopplæringa:

Tiltak	Deltakarar	Tal samlingar	Kommentar
Babysong 0 – 1 år	23		Viser til eige skriv for totalt frammøte. Det har også vore deltakarar frå Kaupanger, Fjærland og Norum på Stedjetunet. Dei er ikkje med i talet her. Mange frivillige deltek.
Dåpssamtale/dåp	44		30 dåpssamtalar i 2022-kullet, 14 dåpssamtalar i 2021-kullet. I tillegg kjem 4 større barn/unge som er døypte. Dei er ikkje førte her.
Småtrolltrall 1 – 5 år	38 5 frå andre sokn	Vår: 6 Haust: 6	Føregår på Stedjetunet. Frivillige er med. Gjennomsnitt tal deltakarar pr samling innafor målgruppa er 9 barn. Mange barn har med fleire i familien. Opptil 30 til 50 personar til stades.
Utdeling av 4-årsbok	Vår: 10 Haust: 20	Vår: 1 Haust: 1	Halve årskullet blir invitert på vårens Sprell Levande, andre halvdel på hausttakkefesten. 73% oppmøte. Siste året med «Mi kyrkjebok». Frå 2023 «Kyrkjeboka mi» (Sindre Skeie).
Sprell Levande vår Sprell Levande haust ca 3 – 9 år	3 9	2	

Utdeling av seksårsbok	22	2 timar med førsamling.	Påskefest for alle. 16 frammøtte i gudstenesta. Dei fleste også med på førsamling. Pga sjukdom hjå fleire blei bok henta på kyrkjekontoret, eller henta av vener i gudstenesta.
Skulestartgudsteneste med utdeling av arbeidshefte	9	1 1 time	47 inviterte. 9 møtte, og ein av dei hadde ikkje fått boka frå før. Det betyr at 23 seksåringar har fått bok (sjå påskefest for alle). 92 elevar starta i første klasse på Trudvang skule i 2022. Det betyr at rett over halvparten er medlem i Dnk. Ingen trusopplæringsabonnentar. OBS: promoter tilhøyrig-muligheit og abonnement!!
Engleverkstad	4	1 time	Stedjetunet. I alt 7 barn då 2 frå Kaupanger og 1 frå Fjærland også møtte. I tillegg var det med 3 søsken i alderen 5-9 år i tillegg til vaksne i familien.
Tårnagentdag for 8-åringar	3 2	4 timar	Ølmheim kyrkje. Det var 17 deltakarar totalt frå alle sokn. Kolliderte med BAMA-cup i Sogndal.
Førjulskino	12	3 timar	Vart arrangert laurdagen i Lys Vaken-helga. Fyrste gong me gjennomførte dette. Utanom Stedje sokn deltok 7 10-åringar frå andre sokn. I tillegg var 14 Lys Vaken-deltakarar med. Det vil seie at 33 deltakarar totalt på pizzafest og kino.
Utdeling av «Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga»	17		14 møtte på gudstenesta. I tillegg fekk 3 utdelt boka på Lys Vaken, der me brukte boka aktivt.
«Lys Vaken» for 11 – 12-åringar	12	16 timar	Stedjetunet/Stedje kyrkje. 14 totalt frå alle sokn. 10 overnatta. Stor dugnadsinnsats frå foreldre, diakoniutvalet og andre frivillige.
Konfirmasjonsopplæring	53	60 timar	Nær 30 frivillige og foreldre har vore med. Pga koronautbrot kring jula 2021 vart leirane som skulle vore i januar 2022 utsett til mars.

Barnehagesamarbeid

Tradisjonen tru deltok Stedje barnehage på hausttakkefesten i oktober. Me hadde ei samling i kyrkja i forkant der dei fekk øve, og dei song til glede for store og små på gudstenesta søndagen.

I starten av adventstida hadde me 6 grupper frå 5 ulike barnehagar innom kyrkja på adventsvandring, der me lekte englar, gjetarar, Maria og Josef, og song nokre julesongar i lag på veg til stallen der Jesus vart fødd.

Barnehagegudstenesta i desember samla om lag 200 små og store. Før og etter denne samlinga fekk borna pynte kyrkja med sjølv laga englar på dei tradisjonelle englehimlane framme og bak i kyrkja. Det vart skikkeleg fint, og me hadde mange kjekke samtalar med ungane.

Konfirmantarbeidet

Ungdomsprest Andreas Danbolt har gitt soknerådet denne orienteringa:

Konfirmantåret følger skuleåret, så denne orienteringa gjeld hausten 2021 og våren 2022.

Ein del av konfirmantarbeidet vert lagt opp som samlingar for heile fellesområdet og ikkje berre for einskilde sokn. Det galt t.d. oppstarten i Stedje kyrkje 19. august og leirhelg.

Utover hausten gjennomførte vi individuelle samtalar og hadde samlingar med undervisning.

Rundt årsskiftet kom ei ny korona-stenging, men vi rakk akkurat lysmessa før jul. Der er det tradisjon at konfirmantar deltek. Konfirmantleirane som skulle vore i januar måtte dessverre avlysast, men me fekk til ei leirhelg 25.-27. mars. Grunna fleire avlyste gudstenester og koronarestriksjonar fekk ikkje konfirmantane vere med på så mange gudstenester som eigentleg ligg i opplegget.

Avslutninga av konfirmantåret gjekk fint. Vi fekk til samtalegudsteneste med god deltaking og flotte konfirmasjonsgudstenester. Totalt var 52 konfirmantar konfirmert i Stedje sokn våren 2022. Stor takk til alle som har vore med som frivillige i konfirmantåret.

Stor takk også til alle som har vore på gudstenestene der konfirmantane har delteke eller hatt ansvar. Det betyr mykje for oss som arbeider med konfirmantane at dei får sjå og vere ein del av kyrkjelyden.

Ungdomsarbeid

Etter initiativ frå ungdomsarbeidsutvalet vart det starta opp eit ungdomskor våren 2022 med organist Hallgeir Øgaard Westli som musikalsk leiar. Responsen var ikkje veldig stor. Fire ungdommar meldte si interesse. Dei har bidrege ved nokre høve i kyrkja.

Eit anna prøveprosjekt var «etter skuletid» på Stedjetunet våren 2022. Det var berekna på konfirmantar, og dei fekk mat, leksehjelp, andakt, spel og sosialt samver.

Konseptet fungerte godt og freista til gjentakning. Å få til «etter skuletid» som eit permanent opplegg på Stedjetunet ville vere kjekt, men det krev litt ekstra ressursar med bidrag frå frivillige.

Diakonitenesta

Diakonitenesta i kyrkjelyden vert leia av diakon Gitte Therkelsen Torstad som har 100% stilling som diakon. Stillingsinstruksen frå 2012 og Tenesteordning frå 2004 femner breidt og gjer at diakonen er involvert i ei stor breidde med aktivitetar.

Medlemmane av diakoniutvalet og andre frivillige står opp om arbeidet, men det er ingen tvil om at diakonen sjølv er ei drivkraft i dette arbeidet. Diakoniutvalet har utarbeidd Felles plan for diakoni, og denne planen ligg til grunn for dei tiltaka som vert sett i verk.

Nokre av diakonen sine oppgåver i 2022:

- Sorgarbeid. Ein-til-ein-samtale med sørgande
- Sorggruppe. I samarbeid med Bente Karin Vatlestad som frivillig
- Sjelesorg og livskrisehjelp
- Konfirmantarbeid, teamarbeid og tilrettelegging
- Besøksteneste
- Soknebod (nattverd i heimen)
- Gravferd (15 og 1 urnenedsetting)
- Gudstenester

- Andakter på SHOS og i Leihgota.
- Kyrkjelydsbladet (tekstbidrag)
- Open julaften-feiring på Stedjetunet. 34 påmeldte. Samarbeid med Frivilligsentralen Sogndal
- Juletreff /fakkeltog vart avlyst pga oppblomstring av Covid
- Dåpsring
- AOF- undervisning av helsefagarbeidarar (studieforbund for fagskoleutdanning)
- Studentrettleiing hausten -22 der diakonen hadde ansvar for 1 diakonistudent frå VID (Diakonhjemmet) som hadde kyrkjelydspraksis i 3 veker.
- Deltok i Beredskapsordninga for prestane
- Deltok som rettleiar i samtaleprosjekt på Shos, psykisk helse ved AOF studentar.
- Kyrkjelydstur for eldre, organisering
- Studentrettleiing

Frivillige – frivilligarbeid

Diakonen har medansvar for dei frivillige si teneste i kyrkjelyden med oppfølging, informasjon, opplæring og kurs. Handlingsplan for frivillige med rutineskildringar ligg til grunn for dette. Dei frivillige fekk ei tydeleg og viktig rolle etter at Handlingsplanen vart utarbeidd og sett i verk i 2019.

Det er eit stort tal frivillige som gjer ein uvurderleg innsats på mange ulike område av kyrkja sitt arbeid. For eksempel:

- Andakter ved Sogndal Omsorgssenter
- Kyrkjevert
- Kyrkjekaffiteneste
- Medliturg /tekstlesar
- Besøkeneste, organisert eller meir «privat»
- Dugnad på kyrkjegarden og i kyrkja
- Medhjelparar i konfirmantarbeidet og i trusopplæringa.
- Dåpsringen og Kyrkjeringen
- Kyrkjelydstur
- Kvardagstru. Samarbeid mellom frivillige og tilsette



Staben stelte i stand ein flott kveld i kyrkja 28. september for å gjere stas på dei frivillige.

Rekneskap

Rekneskapet vert i sin heilskap presentert i eige vedlegg.

Kyrkjelydshytta

Gjennom året har kyrkjelydshytta vore utleigd ved fleire høve, og kyrkjelyden feira også gudsteneste der 21.august.

Basaren 14.september fekk eit netto resultat på nesten kr.35.000,- Tusen takk til veldig mange frivillige som bidrog!

To unge gitar frå Sogndalsdalen har tatt på seg grasklipping og snømåking mot noko godtgjersle. Dette lettar styret sitt arbeid!



Ytterveggen på kjøkkensida vart isolert hausten 2022 som frivillig arbeid av Johannes Tubbene og Lars Atle Fretland. Styret for kyrkjelydshytta er nevenyttige og flinke folk som sørgjer for godt vedlikehald og dermed god ivaretaking av hytta. Tusen takk for god innsats!

Stedjetunet – arbeidsplass og møteplass

Stedjetunet har blitt innarbeidd som den staden der aktivitetar utanom gudstenestene går føre seg. Der er møterom for dei som har bruk for det. Der er forsamlingslokale for ulike aktivitetar. Og dei tilsette har sine kontor der.

Ei ny tidsrekning starta då nye Stedjetunet kunne takast i bruk. Stedjetunet har vorte eit tenleg bygg for kyrkjelyden.



Basaren til inntekt for kyrkjelydshytta fann stad på Stedjetunet .

Sogndal 23. mars 2023

Stedje sokneråd takkar alle tilsette og frivillige for innsatsen i 2022.